
Saknr: 2020/43257-1
Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal,
Andreas Ask, IAnne-
Kathrine Vabø

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2020

Tilskotsordningar innan klimaomstilling, folkehelsearbeid, og by- og stadutvikling

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordningar - Klimaomstilling" slik det ligg føre, jf. vedlegg 1.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 2 600 000 kr til «Tilskotsordningar - Klimaomstilling», i tråd med føringane for tilskotsordninga. Tildeling over 200 000 kr vert handsama politisk.
3. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordning - Folkehelsearbeid" slik det ligg føre, jf. vedlegg 2.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 4 300 000 kr til tilskotsordninga "Tilskotsordning - Folkehelsearbeid", i tråd med føringane for tilskotsordninga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å omprioritere ubrukte midlar innanfor fagområdet folkehelse dersom ikkje alle kommunane søker på ordninga
5. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordning - By- og stadutvikling" slik det ligg føre, jf. vedlegg 3.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 3 800 000 kr til tilskotsordninga «Tilskotsordning by- og stadutvikling», i tråd med føringane for tilskotsordninga. Tildeling over 400 000 kr vert handsama politisk.
7. Fylkesutvalet får lagt fram orientering om tildelingane etter siste utdeling av tilskot.

Samandrag

Saka omfattar føringar og økonomiske rammer for tilskotsordningar innan fagområda klimaomstilling, folkehelsearbeid, og by- og stadutvikling. Dei to tidlegare fylkeskommunane har hatt ulike tilskotsordningar og føringar, og desse er no justerte og tilpassa til Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg:

Vedlegg 1. Tilskotsordningar – Klimaomstilling
Vedlegg 2: Tilskotsordning – Folkehelsearbeid
Vedlegg 3: Tilskotsordning – By- og stadutvikling

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune skal styrke rolla fylkeskommunen har som samfunnsutviklar, og samordne aktiviteten ovanfor kommunar og eksterne aktørar. Eitt virkemiddel fylkeskommunen kan bruke i dette arbeidet er strategiske tilskotsordningar. Gjennom bruk av tilskotsordningar kan vi støtte prosessar og prosjekt i kommunane og elles i fylket for å følgje opp det strategiske arbeidet og gjeldande regionale planar og prioriteringar.

Saka omfattar tilskotsordningane innan dei tre fagfelte klimaomstilling, folkehelsearbeid og by- og stadutvikling. Dei to tidlegare fylkeskommunane har hatt ulike tilskotsordningar og føringar, og desse er no samanfatta i dei vedlagte tilskotsordningane gjeldande for Vestland fylkeskommune. Tilskotsordningane må òg sjåast i samheng med andre fylkeskommunale tilskotsordningar for å styrke den strategiske retninga til Vestland fylkeskommune. Midlane frå desse tilskotsordningane skal nyttast til å følgje opp gjeldande regionale planar og strategiar, statlege føringar og forventningar og FN sine berekraftsmål. Samstundes skal tilskota støtte opp om dei overordna måla i Utviklingsplan for Vestland som no er under arbeid:

- Mål 1: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 2: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 3: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping
- Mål 4: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Året 2020 vil vere eit overgangså, og fylkesrådmannen tilrår at tilskotsordningane vert evaluerte når første søknadsåret er omme. Vi vil nytte 2020 til å hauste erfaringar, og vil eventuelt justere tilskotsordningane frå 2021. Samstundes må vi i handsaming av innkomne søknadar ta omsyn til at ein har hatt ulike tilskotsordningar i dei to tidlegare fylka. Vi ønskjer å følgje opp innkomne søknadar og forventningar på best mogeleg måte for samfunnsaktørane som tidlegare har fått støtte frå fylkeskommunen.

Skildring av tilskotsordningane

Tilskotsordning for klimaomstilling i Vestland fylkeskommune (vedlegg 1)

Det er vidareført tre ulike tilskotsordningar frå dei tidlegare fylkeskommunane sitt klima- og miljøarbeid. I 2020 er det budsjettert med 2 600 000 kr fordelt på tilskotsordningane under. Tilskotsordningane skal nyttast til å støtte opp om mål og strategiar i gjeldande regionale klimaplanar, Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 for Sogn og Fjordane, og Klimaplan for Hordaland 2014-2030.

Tilskot til kommunale klimatiltak

Tilskotsordninga skal stimulere til klimaarbeidet i kommunane. Midlane skal nyttast til utvikling og gjennomføringa av klimaarbeidet i tråd med nasjonale og regionale innsatsområde, men med utgangspunkt i kunnskap om lokale behov. Føremålet vil vere at kommunane skal kunne prioritere klimatiltak og kompetanseheving på reduksjon i klimagassutslepp og klimatilpassing i arbeidet sitt. Maksimal støtte er 200 000 kr, og inntil 50 % av totalkostnad. I særskilde høve kan høgare løyvingar vurderast.

Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak

Frivillige lag, organisasjonar, grendelag og velforeiningar kan søke på denne tilskotsordninga. Tilskotsordninga skal fremje lokale initiativ til handling for ei berekraftig utvikling. Det blir gitt støtte opp til 50 000 kroner for gjennomføring av prosjekt eller tiltak. Ordninga omfattar prosjekt innanfor miljø, klima, natur og biologisk mangfald. Konkrete, handlingsretta tiltak og haldningsskapande arbeid vil bli prioritert.

Tilskot til drift av miljøorganisasjonar

Formålet med tilskotsordninga er å fremje lokalt engasjement for miljø, klima og natur i fylket, gjennom miljøorganisasjonar eller andre organisasjonar som har høgt fokus på klima og miljø. Tilskotet kan gå til driftsstønad.

Tilskotsordning for folkehelsearbeid i Vestland fylkeskommune (vedlegg 2)

Vilkåra for tildeling av folkehelsemidlar hatt ei noko ulik innretting i dei to tidlegare fylka. I Sogn og Fjordane fylke vart det gjeve tilskot til frivillig sektor, FoU-arbeid og til kommunane frå folkehelsemidlane. I Hordaland fylke var tildelingspraksisen innretta mot kommunane. I begge fylka var det krav om forankring av søknadane til dei respektive regionale planar for folkehelse.

Det er også eit sterkare søkelys frå statleg hald på at folkehelseiltak må ha utspring i det lovpålagde oversiktsarbeidet, at det vert sørga for medverknad i utforming av folkehelseiltak og at tiltak vert evaluerte.

Grunna samanslåing til eitt fylke er det naudsynt med ei samordning av vilkår for tilskotsordninga til folkehelsearbeid; i dette også å ta høgde for dei statlege føringane. For å sikre ei god gjennomføring av arbeidet med nye føringar er det, slik fylkesrådmannen vurderer det, ei løysing at det i 2020 vert gjeve ei lik fordeling etter søknad av midlar til folkehelsearbeid til alle kommunane i Vestland på 100.000 kroner kvar. I tildelingsbrevet til kommunane vil det verte forklart kvifor vi har ei slik særordning for 2020.

Søknadar om folkehelseiltak må vere i tråd med regionale innsatsområde, og det er ei føremon om prosjekta kan evaluerast. Medverknad i utforming av tiltak, til dømes av dei målgruppene tiltaket gjeld, kan vere ein viktig suksessfaktor.

Føremålet med ordninga er at kommunane skal kunne prioritere å jobbe for ei betre folkehelse. Midlane skal nyttast til kommunale prosessar og utviklingsarbeid som stør opp om mål og strategiar knytt til [regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode levekår for alle](#) - og [regional plan for folkehelse 2015-2025 – saman for god helse og trivsel](#), men med utgangspunkt i kunnskap om lokale behov. Det er for 2020 budsjettert med 4 300 000 kroner til denne tilskotsordninga.

Tilskotsordning for by- og stadutvikling i Vestland fylkeskommune (vedlegg 3)

Ved å skapa gode rammer for kvardagslivet i byar og stadar i Vestland kan vi bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling. Levande stadar, der folk ønskjer å bu, arbeida, driva næring og besøkja, fremjar folkehelse og legg til rette for god arealbruk og miljøvenleg transport. Berekraftsmål nr. 11: Berekraftige byer og samfunn er eit område der regionale og lokale myndigheiter særleg kan påverka. Denne tilskotsordninga skal bidra til kommunane sitt arbeid med å skapa sentrum og nærmiljø som stimulerer til trivsel, aktivitet og møte mellom folk.

Det er for 2020 budsjettert 3 800 000 kroner til denne tilskotsordninga og alle kommunar i Vestland kan søke. Midlane skal nyttast til kommunale prosessar og utviklingsarbeid som stør opp om mål og strategiar i *Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, Sogn og fjordane fylkeskommune* og *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*, berekraftsmåla, samt dei overordna måla i utviklingsplan for Vestland som no er under arbeid.

Midlane kan nyttast til:

- Sosial berekraft, universell utforming og inkluderande by- og stadutvikling
- Eit levande sentrum
- Aktiv og deltakande medverknad
- Kunnskapsgrunnlag
- Mellombelse møteplassar

Sakshandsaming

Søknadane vert handsama i tråd med rammene til tilskotsordningane i vedlegg 1, 2 og 3. Slik fylkesrådmannen vurderer det er det hensiktsmessig at det vert gitt administrativ fullmakt til å handsame innkomne søknadar innanfor tilskotsordningane og tilrådde økonomiske rammer. På denne måten tek ein i vare fleksibiliteten til å støtte gode mindre prosjekt utan politisk handsaming. Tilskot innan klimaomstilling med søknadssum over kr 200 000 vert tilrådd lagt fram til politisk handsaming. Ramma for tilskot til by- og stadutvikling er høgare, og det vert tilrådd at tilskot med søknadssum over kr 400 000 vert lagt fram til politisk handsaming. Dette gir moglegheit til å prioritere prosjekt med høgare kostnadsramme. For å ivareta god tilskotsforvaltning i samsvar med gjeldande lovverk vert det utarbeidd felles rutinar for sakshandsaming.

Søknadsfristar i 2020

Fylkesrådmannen tilrår at ein nyttar dette året for å hauste erfaringar og eventuelt justere tilskotsordningane for 2021. Det er forsøkt å samordne søknadsfristane, og for dei fleste tilskotsordningane er det lagt opp til to søknadsfristar per år. Dette vert tilpassa politiske møter før utlysing for å rekke eventuell politisk handsaming.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saker som etter lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ, jf. Delegeringsreglementet pkt 2.1.7.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Midlane til tilskotsordninga er løyvd i 2020-budsjettet og dette dokumentet vedtek vilkår for bruk av tilskotsmidlane.

Klima: Tilskotsordningane for klimaomstilling vil støtte og styrke klimaarbeidet i kommunane, hjå lag og organisasjonar, og hjå innbyggjarar. Dette vil ha positiv effekt for å auke bevisstheita kring temaet og gjennomføring av tiltak, både innan utsleppsreduksjon og klimatilpassing.

Folkehelse: Tilskotsordninga for folkehelsearbeid vil gjere at kommunane skal kunne prioritere å jobbe for ei betre folkehelse.

Regional planstrategi: Dei føreslegne tilskotsordningane vil vere med å følgje opp mål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland.

Konklusjon

Tilskotsordningane vil vere med å styrke utviklinga av Vestland, både ved å fremje klima- og folkehelsearbeidet, men også ved å utvikle levande stader og byar. Desse tilskotsordningane må sjåast i samanheng med andre tilskotsordningar for å løyse ut potensialet som ligg i dei lokale tiltaka og prosjekta, initiert både av kommunar, lag og organisasjonar og innbyggjarar. Fylkesrådmannen tilrår at tilskotsordningane vert vedtatt slik dei ligg føre.